

Eksamen

03.06.2020

BUA2002 Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Barne- og ungdomsarbeiderfag

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unnateke ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfatar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>VURDERINGSRETTELEIING FOR SVARET</p> <p>– Når du løyser oppgåva, må du beskrive og grunngi vala du gjer.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut frå kompetansemåla i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og grunngi synspunkta dine og forslaga dine til løysingar på oppgåva• trekke inn ulike synspunkt og løysingar som er relevante for problemstillingane i oppgåva• gjere greie for resultatet/konsekvensane av dei faglege vala dine• meistre relevante grunnleggande ferdigheiter• bruke eksempel der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemiddel og vedlegg på ein formålstenleg og etterretteleg måte
Andre opplysningar	NB! Du skal svare på alle oppgåvene.

Eksamensoppgåve

Når du svarer på oppgåvene, må du velje kva aldersgruppe du skal jobbe med (småbarn, skolebarn eller ungdommar). Skriv tydeleg i svaret kva aldersgruppe du skriv om.

Som barne- og ungdomsarbeidar jobbar du med ei gruppe på 10 gutar og 10 jenter. Fleire i gruppa er veldig interesserte i og opptekne av dataspel og sosiale medium, som dei bruker mykje av tida si på. Du får høyre nokre rykte om at det er ei jente i gruppa som fleire gonger har blitt omtalt negativt på nettet. Ho held seg ofte i nærleiken av deg.

Tre gutar i gruppa er utfordrande for dei andre og vil ofte ikkje følge dei fastsette reglane. Dei er frekke mot dei andre og vil gjerne gjere som dei sjølve vil. Dei andre verkar litt redde for desse gutane.

Oppgåve 1

Kva kan du som barne- og ungdomsarbeidar gjere for å støtte opp om gruppa di og vareta dei enkelte barna/ungdommane slik at dei samhandlar best mogleg med andre?

Oppgåve 2

Kva teikn må du sjå etter for å kunne oppdage konflikhtar, og korleis kan du hjelpe gruppa til å bruke språket som reiskap for å jobbe dykk ut av konfliktane på ein god måte?

Oppgåve 3

Beskriv ulike element som kan gjere at gruppa har ei positiv utvikling, med bakgrunn i konfliktane som er til stades.

Beskriv vidare ulike sider av ein konflikt, som hemmar utviklinga til barn og ungdommar. Kva vil du legge vekt på når du jobbar med grupper og konflikhtar?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>VURDERINGSVEILEDNING FOR BESVARELSEN</p> <p>– Når du løser oppgaven, må du beskrive og begrunne valgene du gjør.</p> <p>– Kompetansen din i faget ut fra kompetansemålene i læreplanen viser du ved å</p> <ul style="list-style-type: none">• presentere og bruke fagstoff og begrunne dine synspunkter og forslag til løsninger på oppgaven• trekke inn ulike synspunkter og løsninger som er relevante for oppgavens problemstillinger• gjøre rede for resultatet/konsekvensene av de faglige valgene dine• mestre relevante grunnleggende ferdigheter• bruke eksempler der det er relevant• bruke fagterminologi, hjelpemidler og vedlegg på en hensiktsmessig og etterrettelig måte
Andre opplysninger	NB! Du skal svare på alle oppgavene.

Eksamensoppgave

Når du svarer på oppgavene, må du velge hvilken aldersgruppe du skal jobbe med (småbarn, skolebarn eller ungdommer). Skriv tydelig i svaret hvilken aldersgruppe du skriver om.

Som barne- og ungdomsarbeider jobber du med en gruppe på 10 gutter og 10 jenter. Flere i gruppen er veldig interessert i og opptatt av dataspill og sosiale medier, som de bruker mye av tiden sin på. Du får høre noen rykter om at det er en jente i gruppen som flere ganger har blitt omtalt negativt på nettet. Hun holder seg ofte i nærheten av deg.

Tre gutter i gruppen er utfordrende for de andre og vil ofte ikke følge de fastsatte reglene. De er frekke mot de andre og vil gjerne gjøre som de selv vil. De andre virker litt redde for disse guttene.

Oppgave 1

Hva kan du som barne- og ungdomsarbeider gjøre for å støtte opp om gruppen din og ivareta de enkelte barna/ungdommene slik at de samhandler best mulig med andre?

Oppgave 2

Hvilke tegn må du se etter for å kunne oppdage konflikter, og hvordan kan du hjelpe gruppen til å bruke språket som redskap for å jobbe dere ut av konfliktene på en god måte?

Oppgave 3

Beskriv ulike elementer som kan gjøre at gruppen har en positiv utvikling, med bakgrunn i konfliktene som er til stede.

Beskriv videre ulike sider av en konflikt, som hemmer barns og ungdommers utvikling. Hva vil du legge vekt på når du jobber med grupper og konflikter?



www.vigoiks.no/eksamen